



Saksframlegg

Arkivsak-dok. 24/30903-3
Saksbehandlar Silje Utne Bjørke

Utval	Møtedato
Fylkesutvalget	17.12.2024

Bykle kommune - Revisjon av arealdelen til kommuneplanen 2025-2035 - Innspel til oppstart av planarbeid og høyring av planprogram

Fylkeskommunedirektøren sitt forslag til vedtak

Pkt.1

Fylkesutvalet er positive til revisjonen av arealdelen til kommuneplanen i Bykle kommune.

Pkt.2

Fylkesutvalet meiner at forslag til planprogram og vedteke arealstrategiar er eit godt utgangspunkt for vidare arbeid med arealdelen til kommuneplanen.

Pkt.3

Fylkesutvalet understrekar betydninga av å sjå utvikling av fritidsbusetnad, naturvern og forvaltning av villrein i samanheng. Det må arbeidast for å løyse eventuelle interessekonfliktar på en god måte.

Pkt.4

Fylkesutvalet ber kommunen nyttiggjere seg råd og merknader som følgjer av saksframlegget.

Vedlegg

Planprogram for revisjon av arealdelen i kommuneplanen

Samandrag

Bykle kommune har varsla oppstart av revisjon av arealdelen til kommuneplanen og sendt forslag til planprogram på høyring. Fylkeskommunedirektøren er positive til revisjonen og vurderer at planprogrammet er godt forankra i samfunnsdelen til kommuneplanen.

Agder fylkeskommune vedtok nyleg regionplan Agder 2030 med regional planstrategi 2024-2027 som er førande for planarbeidet.

Fylkeskommunedirektøren vil trekke fram følgande tema og innspel som dei mest sentrale:

Arealrekneskap

- Agder fylkeskommune arbeider med å utvikle arealrekneskapet som føreligg og korleis ein kan bruke det som eit verktøy også tidleg i planprosessar.
- Potensialet for fortetting eller utviding av eksisterande fritidsbustadområde skal vurderast før nye område.

Villrein

- Villrein er ein viktig nasjonal og regional interesse, og fylkeskommunedirektøren er oppteke av at forholda til villreinen blir betre og at vurderingane som blir gjort bygger på eit oppdatert og tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag.

Myr og natur

- Fylkeskommunedirektøren har forståing for at kommunen ynskjer å leggje til rette for framtidig samfunnsutvikling gjennom vidareutvikling av Bykle kyrkjebygd og Hovden som fritids- og reiselivsdestinasjon, men er oppteke av at utviklinga skjer på rett stad og tek vare på verdifulle naturområde.

Friluftsliv og infrastruktur

- Det må leggjast til rette for friluftsliv på ein måte som tek i vare behov til både innbyggjarane, hyttebyklarane og besøkande, men også sårbar natur.
- Nasjonale sykkelruter bør inkluderast i arealdelen.
- Framtidig arealbruk knytt til fylkesveg må planleggast på ein måte som gjer det mogleg å realisere og som tek i vare trafikktryggleiken.

Kulturminne

- Bevaring av kulturminne og landskap med høy kulturhistorisk verdi er viktig.

Fylkeskommunen sin administrasjon bidreg gjerne vidare i planarbeidet.

Saksopplysningar

Bykle kommune har varsla oppstart av revisjon av kommuneplanen sin arealdel og samtidig sendt forslag til planprogram på høyring. Fylkeskommunen er gitt utsett høyringsfrist for å handsame saka i fylkesutvalet.

Mål og strategiar

Arbeidet med revisjonen bygger på samfunnsdelen til kommuneplanen, vedteke tidlegare i år, som har følgande prioriterte satsingsområde:

- Kvalitet i kommunale tenester tilpassa framtida
- Stadutvikling i Bykle
- Destinasjons- og sentrumsutvikling på Hovden
- Eit meir variert næringsliv

Føremål med revisjonen

Føremålet med revisjonen er:

- Legge til rette for framtidig samfunnsutvikling og arealforvaltning gjennom brei medverknad og gode planprosessar
- Konkretisere føringar gitt i samfunnsdelen med arealstrategi
- Skaffe ny kunnskap, røynsle og avklare endringar i overordna føringar
- Endring og oppdatering av plankart
- Samordning og oppdatering av føresegner og retningslinjer
- Gjennomgang av krav til reguleringsplanar
- Kritisk gjennomgang av reserveareal til utbyggingsføremål i høve til ny kunnskap

Gjeldande arealdel er frå 2019. Sidan da har det kome nye nasjonale og regionale føringar mellom anna innan tema som klima og natur som gjer det nødvendig med ein revisjon.

Kommuneplanen sin samfunnsdel inneheld arealstrategiar for utvikling av Bykle, mellom anna (uttømmande liste er i planprogrammet på side 9):

- Vidareutvikling av Bykle kyrkjebygd med bustader, handel og møteplassar og gåvenlege sentrum
- Friluftsliv i nærområda til bustader og fritidsbustader, trygge skuleveggar og ferdselsårer til sentrum
- Vurdere eigna areal for større kraftkrevjande etableringar og lager for handverkarverksemdar ved Hovden
- Destinasjon Hovden skal dreiest mot heilårsaktivitet med attraksjonar, levande sentrum og aktivitetsområde
- Sikre dyrkbart areal og kulturlandskap
- Vidareutvikling av Hovden som reiselivsdestinasjon skal i hovudsak skje innanfor allereie avsette byggeområde og med miljømessige berekraftige utbyggingsformer
- Vurdere fortetting og høgare utnytting i sentrumsnære hytteområde
- Nye byggeområder skal ikkje leggjast på myr
- Vurdere ei langsiktig byggegrense mot fjellet for å skåne villreinen
- Vurdere tidlegare vedtatt arealbruk mot ny kunnskap og føringar

Vurderingar

Fylkeskommunedirektøren er positive til revisjon av arealdelen til Bykle kommune, og meiner forslag til planprogram er eit godt utgangspunkt for vidare planprosess. Forslag til planprogram er godt forankra i nyleg vedteke samfunnsdel til kommuneplanen med fleire gode arealstrategiar. Fylkeskommunedirektøren legg til grunn at desse vil bli fylgt opp i det vidare planarbeidet.

Agder fylkeskommune vedtok nyleg i oktober regionplan Agder 2030 med regional planstrategi 2024-2027. Fylkeskommunedirektøren peiker på at planen skal leggjast til grunn for arbeidet med arealdelen. Planen løftar fram tre komplekse samfunnsflokke kor arealbruk er nemnd som eit tema. Det kjem fram i regionplanen at vi i større grad må legge til rette for ein arealbruk som tek i vare natur og reduserer klimagassutslepp. Sentralt for samfunnsflokane er at vi må handtere konflikter mellom ulike interesser, som bruk og vern av areal. For Bykle kommune kjem fritidsbusetnad, natur (myr) og villrein opp som tema som kan gi konflikter og som fylkeskommunedirektøren legg til grunn at vil vere sentrale i det vidare planarbeidet.


Arealrekneskap og planreserve

Fylkeskommunen arbeider nå med å vidareutvikle arealrekneskapet som føreligg, måtar å nytte det på undervegs i planprosessar. Føremålet er at arealrekneskapet skal bli ein truverdig og sannsynleg kjelde til kunnskap som kommunen har eigarskap til. Statistikk frå Agdertall samt anna tilgjengeleg statistikk kan mellom anna seie noko om kva for eit utbyggingsbehov det er for bustad og fritidsbustad. Saman med arealrekneskapet kan ein

sjå kor stor planreserven er og kva for nokre arealkonfliktar som er der. Dette trur fylkeskommunedirektøren vil bidra til ein meir føreseieleg planprosess.

Eit bilete på planreserven med konfliktområde kan vere eit godt utgangspunkt for arbeid med fortetting og fortettingsanalysar. Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging seier at potensialet for fortetting eller utviding av eksisterande fritidsbustadområde skal vurderast før det blir lagt til rette for utbygging i nye områder (forventning nr. 57). Det gjeld særleg der det er utbyggingspress, som Hovden og i midtregionen.

Arealrekneskapet som er tilgjengeleg på Agder fylkeskommune sine nettsider syner ein planreserve for fritidsbustad på 5416 dekar. I forslag til planprogram peiker kommunen på at omtalt planreserve ikkje tar omsyn til verna areal eller omsynssoner som ligg i gjeldande arealdel, og den gir derfor ikkje eit riktig bilete. Agder fylkeskommune har sett på planreserven til kommunen og også teke med heiplanen sine omsynssoner, verneområde og eksisterande omsynssoner i gjeldande arealdel. Talet på planreserven som overlappar med ovannemnde forhold er minimal, og det ser ut til at det i hovudsak skyldast plantekniske forhold, sjå bilete under som synar eit par eksempelområde.



Kart 1: Kartet over syner planreserve (svart) og kor planreserven overlappar med diverse omsynssonar i gjeldande kommuneplan (rød).

Fylkeskommunedirektøren har tatt initiativ til et eget nettverk for prosjektleiarar i kommunar som arbeider med arealdelen til kommuneplanen i Agder. Bykle kommune er med i nettverket saman med ca. 10 andre kommunar. Hensikten med nettverket er å dele erfaringar på tvers av kommunar og bidra til kompetanseheving. Opplegget er under utarbeiding og vil bli tilpassa behov i kommunane. Fylkeskommunedirektøren trur nettverket kan bidra til betre planprosessar og bidra til faglag dialog mellom fleire aktørar.

I tillegg bidrar gjerne plan og analyseavdelingane i Agder fylkeskommune undervegs i planprosessen med mellom anna analysar, metodar og regionalt planforum. Fylkeskommunedirektøren ber om at planen blir tatt opp i regionalt planforum før den blir lagt ut til offentlig ettersyn, jamfør informasjon om regionalt planforum på fylkeskommunen sine nettsider.

Villrein

Bykle kommune ligg innanfor avgrensinga for regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkesheiane og Setesdal Austhei (heiplanen). Eit av to hovudmål i heiplanen er å sikre villreinen sin arealbruk til ulike årstider, altså å take i vare villreinen sine leveområde. Etter at gjeldande kommuneplan ble vedteke i 2019 har det skjedd mykje når det gjeld kunnskapsgrunnlaget for villrein og nasjonale føringar. Vurderingar og interessekonfliktar i det vidare planarbeidet må bygge på eit oppdatert og tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag. Dette er også eit gjennomgåande premiss i heiplanen. Kvalitetsnorm for villrein frå 2020 set grenseverdiar for god, middels og dårleg kvalitet for villrein i villreinområde, basert på tre ulike delnormer: bestandsforhold, lavbeite og leveområde og menneskeleg påverking. Kvalitetsnormen er ein del av den nye kunnskapen som har komet sidan 2018. Kvalitetsnormen syner fleire områder kor villreinen i stor grad unngår areal og redusert bruk av fleire trekkpassasjer i kommune. Ein av arealstrategiane til kommunen seier at framtidig hyttebygging i hovudsak skal skje i midtregionen. Fleire av trekkområda for villrein i kommunen er lokalisert i dette område. Fylkeskommunedirektøren er oppteke av at trekkmoglegheitene blir betre for villreinen og ikkje verre. Dette må det greiast ut om som en del av planarbeidet. Det bør gå tydelegare fram i planprogrammet kva kunnskap som er naudsynte når det gjeld villrein. Planprogrammet bør vere tydeleg på korleis dette eventuelt skal gjennomførast.

Arealdelen til kommuneplanen er det viktigaste verktøyet kommunen har for å styre framtidig areal- og ressursbruk (Meld. St. 18 - Ein forbetra tilstand for villrein). Vidare står det i stortingsmelding at regjeringa vil oppfordre kommunane til å ta omsyn til ny kunnskap om villreinen sin arealbruk ved revidering av arealdelen. Regjeringa skriv at dette bør inkludere å gjere ei vurdering av ikkje realiserte område til fritidsbusetnad, for mogleg endring til LNFR-føremål.

I nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027 står det at ved revisjon at arealdelen i kommuneplanen forventar regjeringa at kommunen vurderer om tidlegare godkjent arealbruk skal endrast av omsyn til klima, naturmangfald, kulturmiljø, jordvern, reindrift, klimatilpassing, samfunnstryggleik og eit hensiktsmessig utbyggingsmønster.

Når det gjeld oppfølging av heiplanen i arealdelen seier retningslinene følgende: "I kommunenes vidare arealplanlegging må arealformål, plangrenser, bestemmelser og retningslinjer tilpassas i kommuneplanens arealdel, der dette ikkje allerede er gjort". Bykle kommune har allereie gjort dette i gjeldande kommuneplan, og fylkeskommunedirektøren legg til grunn at dette også blir med vidare i ny plan.

Fylkeskommunedirektøren ber kommunen om å gå nøye gjennom planreserven i gjeldande arealdel og vurderer denne mot oppdatert kunnskap om villrein. I tillegg må sti- og løypeplanen vurderast etter oppdatert kunnskap. Villrein er ein viktig nasjonal interesse, og fylkeskommunedirektøren er oppteke av å gjere forholda betre for villreinen. Fylkeskommunen sin administrasjon bidrar gjerne undervegs i planprosessen når det gjeld villrein.

Myr og natur

Av planreserven i gjeldande arealdel, så ligg 868 dekar på myr. Ein av arealstrategiane til Bykle seier at nye byggeområder ikkje skal leggst på myr. Eit av hovudmåla i regionplan Agder 2030 er at naturen i Agder er livskraftig og mangfaldig både på land, i vatn og i havet, og vi tek i vare karbonlagre i naturen. Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging gir også tydelege signal når det gjeld myr, natur og fortetting i eksisterande fritidsbustadområde. Fylkeskommunedirektøren har ein forventning om at konflikten med myr (og verdifull naturområde) blir redusert. Samtidig har vi forståing for at kommunen ynskjer å legge til rette for ein framtidig samfunnsutvikling med ein

vidareutvikling av Bykle kyrkjebygd og Hovden som fritids- og reiselivsdestinasjon. Fylkeskommunedirektøren er oppteke av at utviklinga skjer på de rette stadene, og tek i vare verdifull naturområde.

Friluftsliv og natur

Friluftsliv er eit viktig tema i Bykle kommune, både med omsyn til innbyggjarane sin bustadkvalitet, hyttebyklarare og med omsyn til utviklinga av Bykle som besøksdestinasjon. Besøksforvaltning og omsynet til sårbar natur er viktig når man legg til rette for økt bruk av natur, og eit viktig tema for revisjonen av arealdel samt sti- og løypeplanen.

Det nasjonale prosjektet "Friluftslivets ferdselsårer" har blitt forlenga ut 2025. Bykle kommune kan få tilskot til å revidere eksisterande sti- og løypeplan, dersom det blir vedteke oppstart av arbeid med ein slik plan i løpet av 2025. I tillegg må rettleiar M-1292 (Plan for friluftslivets ferdselsårer) følgast.

Samferdsel

I Bykle kommune er det to fylkesvegar: fv. 3824 (Sarvsvegen) i Bykle kyrkjebygd og fv. 3822 (delar av Skisentervegen) på Hovden. I den vidare prosessen, også i konsekvensutgreiingar, må det leggst vekt på trafikktryggleik for alle trafikantar. Agder fylkeskommune har ein restriktiv haldning når det gjeld etablering av nye kryss/avkøyrslar. Det er difor viktig å vurdere om eksisterande kryss/avkøyrslar har tilfredsstillande løysing, eller om det behov for endring som kan gi arealmessige konsekvensar. Andre viktige element det er viktig å vurdere er mellom anna støy, støv og framtidig arealbehov knytt til infrastruktur og som det er mogleg å realisere.

Kommuneplanen bør gi utbyggar ein plan som er føreseieleg ved at prosjekter kan gjennomførast. Det er difor viktig å vurdere realismen i byggjeområda som føreligg med omsyn til økonomi og arealbeslag. Kommunen bør leggje vekt på å nytte eksisterande infrastruktur. Eventuelle utbetringar og tiltak som skyldast ny utbygging må bli dekt av utbyggar. Dette kjem tydeleg fram i Handlingsprogram for fylkesveg. [Handlingsprogram for fylkesveg - Agder fylkeskommune](#)

I planprogrammet står det at kommunedelplan for stiar og løyper skal reviderast og innarbeidast i kommuneplanen. I gjeldande sti- og løypeplan er gang- og sykkelvegbrua over Otra markert som preparert skiløype og delar av gang- og sykkelvegnettet er markert som sti. Vi legg til grunn at dette er en feil, og at det blir retta opp i som en del av prosessen. Der stiar blir kopla inn på køyreveg eller gang- og sykkelveg må det avsettast tilstrekkeleg areal slik at denne kan leggst med fall frå nemnde vegar slik at ein unngår vatn og ising på fylkesveg. I tillegg må det leggst vekt på å få med siktsonar slik at alle trafikantgrupper har høve til å samarbeide og sjå kvarandre.

Arkeologi og nyare tids kulturminne

I Bykle kommune er det registrert kulturminne frå eldre steinalder og fram til vår eiga tid med viktige kulturhistoriske anlegg. Anna viktig kulturhistorie er bruken av og utnyttinga av ressursane som finst i heiområda. Bevaring av viktige kulturmiljø og kulturminne må vektast høgt og bli bevart i det vidare arbeidet med arealdelen. Gjeldande kulturminneplan for kommunen vil vere ein viktig føring for arbeidet. I tillegg bør Riksantikvaren sin klimastrategi for kulturmiljøforvaltning 2021-2030 og strategi og faglige anbefalingar for by- og stedsutvikling (vedteke 01.11.21) legge til grunn for planarbeidet. Fylkeskommunen legg no opp til å utarbeide ein ny strategi for kulturarv 2030 som vil kunne gi føringar for planarbeidet.

Njardarheim i Setesdal Vesthei er eit kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse (KULA-område). Området er eit stort heilandskap med mange kulturminne og få moderne inngrep. Fylkeskommunedirektøren forventar at dette blir lagt til grunn i den vidare planprosessen.

På Hovden er det meldt oppstart av ei fredingssak etter kulturminnelova § 19. Der blir det foreslått freding av eit større område, frå Nystøyl til Vidmyr, rundt registrerte kulturminne knytt til den lange historia om utvinning av jern frå myrmalm. Det blir arbeidd med eit fredingsforslag som vil bli lagt ut til høyring jf. saksbehandlingsreglane etter kulturminnelova § 22. Eit vedtak i fredingsprosessen er eit stykke fram i tid.

Avdeling for kulturminnevern og kulturturisme deltar gjerne i det vidare planarbeidet ved behov.

Oppstartsmeldinga er vidaresend til Riksantikvaren og Norsk maritimt museum, som vil svara direkte til kommunen for eventuelle merknader innan deira ansvarsområda i kulturminneforvaltninga.

Regionplan Agder 2030

Arealdelen til kommuneplanen omhandlar arealbruk i heile kommunen for perioden 2025-2035 og er difor eit viktig verktøy for å nå måla i regionplanen.

Økonomiske konsekvensar

Planarbeidet gir ingen økonomiske konsekvensar for fylkeskommunen.

Konklusjon

Fylkeskommunedirektøren meiner Bykle kommune sitt forslag til planprogram og vedteke arealstrategiar er eit godt utgangspunkt for vidare arbeid med arealdelen til kommuneplanen. Fylkeskommunedirektøren kjem med råd og innspel i saken mellom anna knytt til bruk av arealrekneskap og nettverk, villrein, samferdsel og kultur.

Kristiansand, 02.12.2024

Tine Sundtoft
fylkeskommunedirektør

Kenneth Andresen
fylkesdirektør Analyse og plan